

# Instituttleiar ved Institutt for design

Ved Institutt for design er det ledig ei stilling som instituttleiar (100%) frå 01.02.2020  
Tilsetjingsperioden er fire år (åremål), med høve til å søkje forlenging i ein periode. Vi ønsker  
deg velkommen som søker til ei spanande og utfordrande leiarstilling.

## **Om stillinga**

Instituttleiar har det overordna ansvaret for instituttets verksemd. Instituttleiar har  
personalansvar og innstillande mynde ved tilsetjingar.

Instituttleiar sit i fakultetet si leiargruppe (Instituttleiarforum) og rapporterer til dekan.

Instituttleiar legg til rette for bruk av tid til kunstnarleg utviklingsarbeid, utdanning og  
formidling for dei tilsette.

Vidare har instituttleiar ansvar for å utvikle og følge opp mål for kunstnarleg utviklingsarbeid,  
ph.d.-utdanning, utdanning og formidling, utforme verksemoplanar og sikre rasjonell drift og  
budsjettbalanse.

Instituttleiar har HMS-ansvar og for å utvikle eit godt arbeidsmiljø, skape trivsel og  
motivasjon og leggje til rette for fagleg utvikling for den enkelte og for fagmiljøet samla.

Instituttleiar skal sørge for oppdaterte handlingsplanar og system for kvalitetssikring av  
instituttets verksemd.

## **Instituttleiar sine viktigaste daglege oppgåver er å:**

- leie og utvikle verksemda ved instituttet med vekt på høg kvalitet i tråd med  
strategiane til fakultetet og Universitetet i Bergen
- representere og posisjonere institutt og fakultet, og bidra til internt og eksternt  
samarbeid
- bidra til å auke ekstern finansiering
- skape ein positiv organisasjonskultur og stimulere til eit produktivt og godt  
arbeidsmiljø
- leggje til rette for gode prosessar baserte på medverknad frå tilsette og studentar
- sørge for at internkontroll og økonomistyring fungerer i samsvar med fastsette reglar  
og rutinar
- arbeide for god kjønnsbalanse i stillingane ved instituttet.

**Vi søker ein instituttleiar som:**

- har gode leiareigenskapar
- erfaring frå forskings- og utdanningsleiing
- vi ønsker har kompetanse som professor i eitt av fagområda ved instituttet eller nærliggande fagfelt.
- har evne til å arbeide strategisk mot fastsette mål

**I tillegg blir det lagt vekt på:**

- ein motiverande og inkluderande leiarstil
- perspektiv på kunstnarleg utviklingsarbeid som forskingsdisiplin
- perspektiv på høgre skapande kunstuddanning nasjonalt og internasjonalt
- gode kommunikasjonsevner og evne til å bygge nettverk og skape tillit internt og eksternt.
- gode kunnskapar i eit skandinavisk språk (norsk, svensk eller dansk) og engelsk

Personlege eigenskapar vert vektlagt.

**Vi tilbyr:**

- interessante og utviklande leiaroppgåver
- eit godt og fagleg utfordrande internasjonalt arbeidsmiljø
- løn etter særavtale ved UiB, minimum ltr. 83 (kr. 871.300 pr. år). Stillinga er plassert i kode 1475
- medlemsskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar
- støtte til leiarfunksjonen, tilbod om kompetanseutvikling og leiarutvikling.

**Generell informasjon**

Utfyllande opplysningar om stillinga kan du få ved å vende deg til dekan Frode Thorsen på e-post: [frode.thorsen@uib.no](mailto:frode.thorsen@uib.no) eller på telefon 47 414 79 223 eller til fakultetsdirektør Synnøve Myhre på e-post [synnove.myhre@uib.no](mailto:synnove.myhre@uib.no) eller telefon +47 55 58 44 51/ +47 934 84 614.

Standardtekst